



STEGG er senka i Herøysundet. Det er store skader på sjøbu, tanganlegg og bustadhuset på Herøya.

**Dersom du såg TV programmet Lindmo på laurdag, fekk du med deg ei sann soge med bakgrunn i krigshendingane i Herøysundet og Uskedalen april 1940. Skodespelar på Nationalteatret, Finn Schau, fortalde om far sin, Øyvind Schau, frå tida han var skipssjef på torpedobåten STEGG.**

14 år gamal fann Finn Schau dagboka til faren der han dag for dag skildrar krigshendingane frå 8. april til 30. oktober. Dagboka har inspirert Finn Schau til ei teaterframsyning med premiere i Oslo i morgon.  
**Tittelen er: Grevlingens time – om Finn og far.**

Dei siste dagane har det vore kontakt på E-post mellom Nationalteatret og krigsinteresserte personar i Kvinnherad. Dette har ført til at Finn Schau har fått tilgang på foto frå trefningane i Uskedalen og Herøysundet 18. – 20. april 1940. Bileta skal brukast som ein fotomontasje bak på scena. Biletet over er eit av bileta som vert brukte i teaterframsyninga.

Instruktør og regionsvarleg har lova å senda [uskedalen.no](http://uskedalen.no) bilete og informasjon frå framsyninga.

Tekst: Kristian O. Bringedal  
Nett: Thor Inge Døssland